



SANDE KOMMUNE

6084 Larsnes

Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01

sande.kommune@sande-

mr.kommune.no

www.sande-mr.kommune.no

BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022.

Vedteke av Sande kommunestyre den _____ sak _____

Innhold

INNLEING – BAKGRUNN FOR ÅRETS BUDSJETTARBEID.....	4
VÅR KOMMUNEPLANEN FOR SANDESAMFUNNET	5
LOVGRUNNLAGET.....	6
OVERORDNA STATUS OG ØKONOMISK MÅL	8
Driftsresultat og akkumulert underskot.....	8
ROBEK og Forpliktande plan.....	8
Gjeld	9
Omstillingsbehov og –nivå	9
Status i omstillingsprosessen fram til i dag	11
2019 - FRIE INNTEKTER OG FORDELING AV RAMME PR SEKTOR.....	14
Skjema 1a og 1b – Inntekter og rammefordeling.....	16
Skatt, utjamning og rammetilskot	17
Andre generelle statstilskot og integreringstilskot.	17
Renter, utbytte og fondsavkastning.....	18
Avsetningar, avskrivningar og premieavvik.....	18
Oppvekst og kultur	19
Framlegg til sektorramme for planperioden.....	19
Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019.....	19
Oppsummering av tiltak:	21
Vurdering av dei ulike tiltaka:.....	22
Helse og omsorg.....	24
Framlegg til sektorramme for planperioden.....	24
Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019.....	24
Oppsummering av tiltak:	26
Politisk og administrasjon	27
Framlegg til sektorramme for planperioden.....	27
Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019.....	27
Oppsummering av tiltak:	28
Vurdering av dei ulike tiltaka:.....	28
Teknisk og Landbruk.....	30
Framlegg til sektorramme for planperioden.....	30
Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019.....	30
Oppsummering av tiltak:	31

Vurdering av dei ulike tiltaka:.....	31
NAV / Barnevern.....	33
Framlegg til sektorramme for planperioden.	33
Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019.....	33
Kyrkja / Truismssamfunn	34
Framlegg til sektorramme for planperioden.	34
INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2019 OG PLANPERIODEN	35
Skjema 2a og 2b	35
BETALINGSREGULATIVET.....	35
Vedlegg.....	35
Uprenta vedlegg	35

INNLEING – BAKGRUNN FOR ÅRETS BUDSJETTARBEID

Sande kommune vart meldt inn i ROBEK-registeret haust 2016 grunngjeve i udekt underskot i drifta for tidligare år. Ved utgangen av 2016 var det akkumulerte underskotet kome opp i 6 mill kr.

Rådmannen har gjennom fleire tidligare budsjettprosessar peika på at det etablerte driftsnivået/kostnadsnivået i kommunen er for høgt sett i høve til kommunens inntektsnivå. Denne situasjonen er fortsatt gjeldande.

Resultatet for 2017 vart betre enn budsjettmålet. Årsakene til dette er to-delt, der 1) kommunen sine einingar leverte samla sett eit resultat på budsjett, og 2) kommunen fekk større inntekter enn budsjettert.

Budsjett 2018 har eit budsjettmål om eit netto driftsresultat på om lag 4,5 mill. Dette budsjettmålet er basert på strukturendringar som skal redusere kostnadsnivået. Status pr dd er at det er gjort eit utgreiingsarbeid, og innan helse/omsorg er ein i ei implementeringsfase. Innan oppvekst har implementeringa vore utsett som følgje av utsatt vedtak. NAV og Barnevern er i desse dagar i ei beslutningsfase.

Framlegg til budsjett 2019 og tilhøyrande økonomiplan legg opp til ei vidareføring av siste års arbeid med å tilpasse driftsnivået/kostnadsnivået til kommunens inntektsnivå. Når ein les framlegget er det derfor viktig å ta med seg kunnskapen frå siste to års budsjettprosessar, kunnskapen frå arbeidet i omstillingsgruppene innan skule og helse/omsorg, samt dei politiske saksframlegga ang skulestruktur og endringar innan helse og omsorg.

I framlegget er det ein samla tenestereduksjon på om lag 8,5 mill med tilhøyrande tiltak. Det er openbart at ein slik reduksjon medføre store endringar i tenestetilbodet for våre innbyggjarar. Like openbart at dette vert krevjande både for tilsette og leiinga ute i einingane, og ikkje minst for våre folkevalte som gjennom vedtak må gjere svært vanskelige val.

Rådmannen

Larsnes 4.november 2018

VÅR KOMMUNEPLANEN FOR SANDESAMFUNNET

”Sande - i lag”

Dette er den overordna visjonen for Sande kommune, slik det framgår av overordna kommuneplan for perioden 2008-2020.

Visjonen er ein ”mjuk” visjon. Den raude tråden i dette visjonsbildet er eit fellesskap som er inkluderande, likeverdig og trygt. Ein meiner at dette er grunnlag for å skape trivsel og vekst for både innbyggjarar og næringsliv.

Målsetjingane i planen er beskrive slik:

- I Sande vil vi!
- I Sande bur vi!
- I Sande gjer vi!

Kommuneplan

Vegane fram mot visjonsbilde og mål kan vere mange, og også ofte lange. Sande kommune har i kommuneplanen omtala følgjande overordna satsingsområde:

- stimulering til busetjing og næringsutvikling
- brukartilpassa og kvalitativt gode kommunale tenester

Om ein legg utviklinga av innbyggartalet til grunn så kan ein ikkje seie seg nøgd med måloppnåelsen. Kommunen må likefult fortsette arbeidet med å legge til rette for utvikling gjennom planarbeid og anskaffing av nødvendig areal for både bustadbygging og næringsetablering. Siste par åra har det vore arbeidd fram fleire reguleringsplanar, der kommunen også har løyst inn byggearealer. Dette er tiltak som er direkte retta mot kommuneplanens sine ynskjer og mål om å stimulerer til busetjing og næringsutvikling. Med tanke på at Sande-samfunnet er «midt i» ein region med nasjonal klyngestatus innan det marine og maritime, samt at vi har tilnærma 100% arbeidsdekning, så bør vi som kommune ha eit potensiale for framtida.

Måloppnåelsen innan den kommunale tenesteproduksjonen er det avgrensa systematiske målingar på. Om ein nyttar antal klagesaker som indikator – har vi få slike, noko som kan vere ein positiv indikator.

Innan helse/omsorg så står ikkje vår «brukardekning» tilbake for andre samanliknadene kommuner jf KOSTRA-tal.

Innan oppvekst så har ein nasjonale prøver og dropp-out i vidaregåande skule som to målbare indikatorer. I dei nasjonale prøvene så ligg vi over tid «midt på treet» – for dropp-out i vidaregåande skule har vi gode resultat. Innan oppvekst så vedvarer trenden med overgang til annan skule enn nærskulen – dette gjeld både til privat skular og mellom kommunale skular. I tillegg til sterkare brukarrettigheiter gjennom endra lovgiving, har også små/avgrensa sosiale miljø over tid vorte eit «akseptert» vurderingskriterium for elever og føresette når dei tek slike val.

Frivilligheita står fortsatt svært sterkt i Sande-samfunnet – dette til tross for svært lite økonomisk støtte til slikt frivillig arbeid. Frivilligheita viser igjen kvar dag der både barn, ungdom og foreldre/eldre har sine sosiale møteplassar og aktivitetar enten det er idrett, kor eller basar. Verdien av denne frivilligheita kan ikkje målast i økonomisk talstørrelser, men den er svært viktig både for folkehelsa og dagliglivet i våre bygder.

LOVGRUNNLAGET

Kommunelova har regler om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og rapportering i kapittel 8:

§ 44. Økonomiplan.

- 1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
- 2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
- 3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*
- 4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
- 5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
- 6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
- 7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
- 8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

§ 45. Årsbudsjettet.

- 1. Kommunestyret og fylkestinget skal innen årets utgang vedta budsjett for det kommende kalenderår.*
- 2. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv årsbudsjettet og endringer i dette. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
- 3. Innstillingen til årsbudsjett, med alle de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i årsbudsjettet.*
- 4. Kommunestyrets og fylkestingets vedtak om årsbudsjett, samt formannskapets og fylkesutvalgets saksdokumenter, sendes departementet til orientering.*

§ 46. Årsbudsjettets innhold.

- 1. Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettgjeld på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.*
- 2. Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.*
- 3. Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.*
- 4. Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*
- 5. Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.*
- 6. Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*
- 7. I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.*
- 8. Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.*

Kommunelova set krav til årsbudsjettet at det skal vere realistisk, jfr. §46. Vidare at det skal budsjetterast med eit positivt driftsresultat som skal vere minst tilstrekkeleg til å dekkje renter, avdrag og naudsynte investeringar.


Økonomiplanen skal synleggjere økonomiske konsekvensar av tiltak i årsbudsjettet dei påfølgjande åra. Vidare skal den uttrykkje kommunestyret sine mål og strategiar dei næraste åra basert på kommuneplanen sin langsiktige del og andre fagplanar som omfattar delar av den kommunale verksemda.

Økonomiplanen skal vere i balanse alle åra i perioden.

OVERORDNA STATUS OG ØKONOMISK MÅL

Driftsresultat og akkumulert underskot.

Figuren under viser den økonomiske stillinga til Sande kommune siste fem åra relatert til driftsresultat og underskot. Om ein samanstilte utviklinga av driftsresultata med avkastning på kommunen sine fond vil ein kunne sjå ein tydelig samanheng. At kommunen sine driftsresultat er samanfallande med avkastninga på kommunen sine fond betyr altså at vi skape våre resultat ut frå våre finansinntekter, og ikkje ut frå våre øvrige frie driftsinntekter. At kommunen over tid har basert sin drift på slike finansinntekter medføre stor risiko og har ikkje berekraft, med andre ord så må kommunen sitt driftsnivå takast ned.



ROBEK og Forpliktande plan.

Sande kommune vart innmeldt i ROBEK-registerert oktober 2016 grunna eit underskot på 1,6 mill i 2014 som Fylkesmannen då var heilt sikker på at vi ikkje vil klare å dekke i 2016 (og det fekk han rett i). Konsekvensane av innmelding i ROBEK er at kommunen får ein auka tilsyn- og kontrollaktivitet, her under krav om å utarbeide ein forpliktande plan på korleis akkumulert underskot skal dekkast inn. Vår forpliktande plan som Sande kommunestyre har vedteke og Fylkesmannen har akseptert ser slik ut:

	2014	2015	2016	Vedtatt dekt inn i 2017 og 2018
Underskot	1 601 037	3 353 164	Ca. 1 362 000	Akkumulert Ca. 6 316 201 Kor 4 114 000 skal dekkast inn i 2017
Akkumulert underskot	1 601 037	4 954 201	Ca. 6 316 201	

Tabell 2: Underskot frå tidlegare som skal vere dekt inn ved utgangen av 2018 for utmelding av ROBEK i 2019.

Som følge av eit godt resultat i 2017 så fyl vi forpliktande plan. I vårt budsjett for 2017 la vi inn i hht plan ei avsetning på kr 4114. I budsjett 2018 la vi inn ei avsetning på resterande underskot på kr 1888.

I samband med rekneskapsavslutning for 2017 vart det vedtak om å disponere det rekneskapsmessige mindreforbruket slik:

2. Sande Kommunestyre vedtek å disponere rekneskapsresultatet på kr 4.493.075 for 2017 slik:

Avsetning til inndekning av rest akkumulert underskot pr 31.12.17.	1.888.805
Avsetning til disposisjonsfond	2.604.270
Kontrollsum	4.493.075

Med dette vedtaket så har vi lagt til rette for at vi skal kome ut av ROBEK. Formelt sett må vi likevel vente til rekneskapsavslutning 2018 før Fylkesmannen kan melde oss ut. Dette fordi vår forpliktande plan strekke seg over både 2017 og 2018 – og med det så står der fortsatt 1,8 mill som akkumulert underskot i ein balansepost pr 2018. Vi har altså gjennom 2017 «skapt økonomien» for å kome ut av ROBEK, men dei formelle vedtaka «heng» litt etter. Det er også på sin plass her å presisere at driftsåret 2018 ikkje er ferdig – og at vi gjennom vår statusrapportering både 1.kv., 2.kv. og 3.kv. har peikt på at vi nyttar ovannemnde avsetninga på disposisjonsfondet.

Gjeld

Sande kommune har ei netto lånegjeld på om lag 240 mill. Omgjort til % av brutto driftsinntekt vert dette 86%. I Møre og Romsdal er snittet for kommunane 103% og for landet 84%.

Med ei så høg gjeld har vi svært avgrensa handlingsrom. Om ein legg til at netto driftsresultat har vore negativt/ 0 over år, disposisjonsfond er i 0, og auka rentebane fram i tid, er Sande kommune i «raud sektor» med omsyn til gjeldsnivå.

I framlegget til investeringsbudsjett er auke i ny gjeld samanfallande med låneavdrag gjennom planperioden.

Omstillingsbehov og -nivå

Om ein legg til grunn inntektsnivået i framlegget til st.budsjett 2019, samt dagens driftsnivå, vil vi få eit negativt avvik på om lag 8,5 mill. Om ein i tillegg føreset eit netto driftsresultat på om lag 4 mill (1,75 %) vil avviket auke til om lag 12,5 mill.

I prosessen med budsjett 2017 vart omstillingsnivået definert slik:

Sande kommune sitt omstillingsnivå:

I medhald av logikk og argumentasjon som synt til over, så bør omstillingsnivået til

Sande kommune settast til omlag 12 million kroner.

I prosessen med budsjett 2018 vart omstillingsnivået definert slik:

Denne figuren er meint å illustrere kommunens omstillingsbehov i kr, % og årsverk-reduksjon. Ved å gå frå der ein er (-5% netto dr res i % av brto dr innt) til høvelig der ein bør være (rundt 2 %). Det betyr ei nedskalering i storleiken rundt 16 mill kr eller ca 32 av.

Vidare så vart omstillingsnivået for heile planperioden framstilt slik:

linje	skjema 1a/1b	B 2017	NY FORPLIKTENDE ØK PLAN			
			2018	2019	2020	2021
41	beste estimat gjennomført omstilling 2018		2 000	6 000	6 000	6 000
42	nødv omstilling i 2019 for å halde seg til forpl plan			9 560	9 560	9 560
43	nødv omstilling i 2020 for å halde seg til forpl plan				334	334
44	nødv omstilling i 2021 for å halde seg til forpl plan					3 236
45	mål netto dr res etter forpl plan	4 114	7 524	8 277	4 410	4 352
46	netto dr res beste estimat etter gjennomført omstilling		2 673	8 277	4 410	4 352
47	differanse		4 851	0	0	0
48	Avsetninger:					
49	til dekning av tidl år rm meirforbruk	4 114				
50	Bruk av avsetninger:					
51	Til disposisjonsfond		2 673	8 277	4 410	4 352
52	RM meir/mindreforbruk	0	0	0	0	0
53	Netto dr res i % av brto inntekter	1,8 %	1,2 %	3,7 %	2,0 %	2,0 %
54	Netto dr res i % av brto inntekter - mål i forpl plan	1,8 %	3,3 %	3,7 %	2,0 %	2,0 %

Det interessante er ikkje korleis denne omstillinga fordeler seg ut over i tid, men summen av den. Det som var eit definert omstillingsnivå på 12 mill for eitt år sidan har nå vokse til 19 mill kr, av grunnar som synt i tabellen under.

Omstillingsnivået har altså gjennom dei siste åra vorte definert til ein stad mellom 12 mill og 19 mill.

I tillegg til pengebruk til drift og avsetning til disposisjonsfond, så er avsetning til finanskostnader også ein del av «bildet». Pr i dag har vi om lag 240 mill i gjeld og gjennomsnittlig rentenivå er om lag 1,5%. Alt peikar i retning av renteauke – noko som vil auka våre finanskostnader i planperioden.

Om ein legg til grunn eit brutto driftsresultat på om lag 1,75% og investeringar på om lag 9-10 mill pr år, så vil kommunen sitt omstillingsbehov vere på om lag 11-12 mill.

I prosessen med budsjett 2018 omtalte rådmannen beste estimat for omstillingsarbeidet gjennom 2018 slik:


På linje 41 er synt det som eg meiner er beste estmat for kva vi kan få til i 2018, 2 mill kr. Dette baserer seg på at ein vedtek og får påbegynt endring av skulestrukturen. Noko meir enn dette er det ikkje realistisk å håpe på i 2018. får ein det på plass vil kommunen neste år generer eit netto dr res på 2,7 mill kr som kan legges på disp fond.

I førre års budsjettdebatt fatte kommunestyret vedtak om å auke dette estimatet til 4 mill med visning til omstillingsarbeidet i helse og omsorg.


Omstillingsarbeidet har i hovudsak vore styrt gjennom omstillingsgruppene for helse/omsorg og skule. I tillegg har det gjennom 2019 vore prosessar innan fleire områder, der NAV-tenesta har kome lengst og er no i ei beslutningsfase.

K.sak 21/18, møtedato 23.05.18.	Vedtak: Sande kommunestyre vedtek å utsetje saka. Saka vert å legge fram til endeleg behandling innan 1. november 2018.
K.sak 52/18, møtedato 30.10.18.	Vedtak: Sande kommunestyre vedtek..... 1 Sandsøy og Kvamsøy vert slått saman til ei eining under felles leining, skuledrift på dei to lokasjonar. 2. 5 kl ved Gjerdsvika skule vert flytta til Gursken Skule. 3.....
K.sak 5/18, møtedato 06.02.18	Vedtak: Sande Kommunestyre vedtek med dette strategi 1 – tildelingsprakis for Helse- og omsorgssektoren. Rådmann får i oppdrag å utgreie vidare og implementere dette i tråd med det som går fram av saksutgreiinga. Status: - Pasientlogistikken er vesentlig betra siste to åra. - Betre taldata ligg føre – kontinuerlig prosess. - Leining og bemanning er avklart. - Tenesteomtalar er utarbeidd, i all hovudsak knytt til elektroniske søknadsskjema. - Justering av ansvarsområder pågår. - Justering av arbeidsavtaler pågår. - Justering av ansvarsområder (økonomi) pågår. - Iverksettelse av ny ordning frå 01.01.2019

11



Våre to store tenester er helse/omsorg og oppvekst. Som nemnt over har ein innan helse og omsorg siste åra gjort fleire tiltak retta mot både kvalitet, effektivisering, samhandling og kostnadsreduksjon, og sektoren sjølve er tydelige på at logistikken no er vesentlig betre enn tidligare. Ei oppstilling av KOSTRA- tal viser slik utvikling.




Oppstillinga viser utviklinga siste tre år, samt ei samanlikning med to nabo kommuner i same periode. Det er oppgitt som netto driftsutgifter pr innbygger. Oppstillinga viser at 1) Sande kommune fortsatt ligg høgt i ressursbruk, og 2) Sande kommune har «flata ut» samanlikna med dei andre

kommunane. Gjennom omstillingsarbeidet har ein begynt å få bra oversikt og lik forståelse av kostnadsdrivarar og utgiftsbehovet relatert til vår prioritering og tildeling av tenester. Dette arbeidet må fortsatt stå i fokus i komande planperiode slik at vi kan kome på eit nivå der vi er i stand til å handtere framtidige tenesteutfordringar.

Omstillinga i oppvekstsektoren relatert til skulestruktur har vore utsett i tid. Det pågår likevel eit omstillingsarbeid i heile sektoren relatert til kompetanse- og kvalitetsarbeid. Oppstillinga under tek utgangspunkt i same tidsperioder og dei same kommunene. Her er det også netto

driftsutgift pr innbyggjar som er måltalet. Her ser vi ein noko meir lik ressursbruk mellom dei tre kommunane. Oppstillinga seier ikkje noko om ressursbruken internt mellom skulane i kommunane.



Utfordringa for 2019 og framover er at nettorammene må ytterligare ned. For 2019 er tenestereduksjonen samla sett om lag 8,5 mill.

Regelverket stiller både eit realismekrav og eit balansekrav til budsjett og økonomiplan. Med ein reduksjon på 8,5 mill vert begge dei to momenta utfordra fult ut. Vi kan ikkje vidareføre førre års tilnærming med å forskottere vedtak ved å legge budsjettføresetnader «utanfor» rammene. Budsjettet for 2019 med tilhøyrande økonomiplan må vedtakast med rammer, der ein også vedtek konkrete tiltak for å kome ned på vedtekne rammer.

2019 - FRIE INNTEKTER OG FORDELING AV RAMME PR SEKTOR

Våre frie inntekter for 2019 går i all hovudsak fram av framlegget til statsbudsjett.

Inntektsnivået tek utgangspunkt i 2018 revidert. Deretter vert nivået justert med anslått lønns- og prisvekst gjennom ein kommunal deflator. Det vert deretter lagt til ein vekst basert på nye oppgåver, særskilte/regional forhold, osv.

Sande kommune er ei lita distriktskommune. Små kommuner får gjennom sine rammetilskot bl.a. ei utgiftsutjamning. Denne utgiftsutjamninga skal kompensere for kostnader knytt til demografi, geografi, sosioøkonomiske forhold, mm, og med det sikre at små kommuner også skal kunne gi gode og likeverdig tenester til sine innbyggjarar. For Sande sin del vert denne utgiftsutjamninga på 17% over landssnittet. Om vi ser bort på geografikriterier så får Sande kommune denne utjamninga i all hovudsak som følgje av:

- Demografi (antal innbyggjarar 67 år og eldre).
- Innvandrarar (6-15 år)
- PU over 16 år.

I statsbudsjettet er lønns- og prisvekst (kommunal deflator) anslått til 2,8% for 2019.

Sande kommune har for 2019 fått ei auke på 3,5% (5,7 mill). Om ein trekker frå lønns- og prisvekst vert realveksten 0,7%.

Basert på framlegg til statsbudsjett og andre inntekter vi som kommune kan anslå å få i 2019, har vi 168 100 i frie inntekter til fordeling. Dette er 8 500 mindre enn i 2018. Tabellen under viser noko fleire detaljar ang inntektsestimatet.

Områder	Kr (1000)	Merknad
Skatteinntekter inkl inntekstutjamning	73 238	grønt hefte
Rammetilskot totalt inkl utgiftsutjamning, INGAR, mm	93 525	grønt hefte
Generelle statstilskot	2 000	eigne anslag
Integreringstilskot	3 350	eigne anslag
Finansinntekter	2 300	eigne anslag
Finanskostnader	-14 191	eigne anslag
Disposisjonsfond	-160	eigne anslag
Motpost avskrivningar	3 500	eigne anslag
Premeiavvik	4 538	KLP anslag
	168 100	

I det vidare budsjettframlegget legg ein til grunn ovannemnde inntektsestimat, og konsekvensane av dette vert kraftige rammereduksjonar. Som ein vil sjå av tabellen under er budsjettframlegget framlagt utan at rammene er korrigert for pris- og lønnsvekst. Berre med dette er rammereduksjonen for 2019 på 2,8%.

Vidare går det fram av tabellen under nokre andre lokale korrigeringar, der dei to store lokale korrigeringane er relatert overføring/overtaking av oppgåver.

	Beste nettoramme 2018	Korrigert for pris- og lønnsvest	Korrigerer for oppgåver	Merkand til korrigerer	Nettoramme til fordeling 2019
19-29 Oppvekst og Kultur	58000	0	-3000	Overføring av oppgåver, -2200, Reduksjon i barnetal, -800, Hauglia barnehage 0, Vokseopplæringa 0	55000
30-40 Helse og Omsorg	73850	0	1150	Nye oppgåver, 1150, Bortfall statstilskot, 0	75000
11-13 Politisk og Adm	20700	0	-400		20300
60- Teknisk og Landbruk	9700	0	-500		9200
41- Nav og Barnevern	5700	0	300	NAV til Hareid, auke tiltak	6000
55- Kyrkja	2600	0	0		2600
					168100

Sentrale oppgåvekorrigerer i framlegget til statsbudsjettet er sett til 0.

Skjema 1a og 1b – Inntekter og rammefordeling

Skjema 1a og 1b er sett opp i hht forskrift om årsbudsjett. Inntektene i 1a er nærmere omtalt i egne underpunkt. Fordelingane i 1b er pr sektor. Den sektorvise fordelinga til ulike ansvar er vidare omtalt i egne sektorkapitel.

BUDSJETT 2019 ØKONOMIPLAN 2019-2022				
Skjema 1a - Inntekter	B 2019	2020	2021	2022
Skatt og inntekt på formue	68 239	68 239	68 239	68 239
Rammetilskot - inntektsutjamning	5 000	5 000	5 000	5 000
Rammetilskot inkl regionalt tilskot/skjønn	93 524	93 500	92 900	92 900
Andre generelle statstilskot	2 000	2 000	2 000	2 000
Integreringstilskot	3 350	1 900	900	0
Renter og avdrag	-14 191	-15 621	-17 000	-17 100
Utbytte aksjer mm	300	300	300	300
Formidlingslån	0	0	0	0
Gevinst (+) / Tap (-) avkastning fond	2 000	2 000	2 000	2 000
Avsetning (-) / Bruk av dispfond (+)	-160	-4 288	-4 288	-4 288
Bruk av tidligare års rekneskapsm overskot	0	0	0	0
Dekning av tidligare års rekneskapsm underskot	0	0	0	0
Avskrivningar	3 500	3 500	3 500	3 500
Premieavvik	4 538	5 497	3 565	4 041
Årets rekneskapsmessige resultat	0	0	0	0
SUM FRIE INNTEKTER TIL DISP.	168 100	162 028	157 117	156 593
Skjema 1 b - Rammer fordelt				
Sektor for Oppvekst og Kultur	55 000	55 000	55 000	55 000
Sektor for Helse og Omsorg	75 000	75 000	75 000	75 000
Sektor for Politisk styring og Administrasjon	20 300	20 300	20 300	20 300
Sektor for Teknisk og Landbruk	9 200	9 200	9 200	9 200
NAV og Barnevern	6 000	6 000	6 000	6 000
Kyrkje og trdomssamfunn	2 600	2 600	2 600	2 600
	168 100			
Omstillingsbehov i perioden	0	- 6 073	- 10 984	- 11 508
SUM NETTO BRUK I SEKTORANE	168 100	162 028	157 117	156 593

Skatt, utjamning og rammetilskot

Skjema 1a - Inntekter	B 2019	2020	2021	2022
Skatt og inntekt på formue	68 239	68 239	68 239	68 239
Rammetilskot - inntektsutjamning	5 000	5 000	5 000	5 000
Rammetilskot inkl regionalt tilskot/skjønn	93 524	93 500	92 900	92 900

Estimert skatteinngang og utjamning er henta rett frå «grønt hefte». Det er ikkje grunnlag for å overprøve statens estimat på disse storleikane. På same måte som skatt er rammetilskottet henta ut frå «grønt hefte» Samla vekst er på 3,5 %. Tek ein omsyn til lønns- og prisvekst på 2,8% (kommunal deflator) er realveksten på 0,7%.

Ordning med inntektsgaranti (INGAR) er fortsatt gjeldande. Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er under 715 kr pr innb vert kompensert gjennom INGAR. I 2019 er effekta pr innb kr 444 for vår del. Som kommune utgjør dette 1,1 mill og ligg i rammetilskotet.

Andre generelle statstilskot og integreringstilskot.

Skjema 1a - Inntekter	B 2019	2020	2021	2022
Andre generelle statstilskot	2 000	2 000	2 000	2 000
Integreringstilskot	3 350	1 900	900	0

I andre generelle statstilskot ligg rentekompensasjonsordninga som vert forvalta av Husbanken og Fylkesmannen sin siste fordeling av skjønn.

Kommunane får refundert deler av sine renteutgifter knytt til investeringar i skuler, svømmeanlegg og kyrkjebygg. Ordningen med rentekompensasjon for skoler og svømmeanlegg ble opphevet i 2016, dvs at pr i dag er det kun inv i kyrkjebygg som gir grunnlag for rentekompensasjon.

Integreringstilskotet er inntekter kommunen får for å busette og integrere flyktninger. Pr i dag er det 29 flyktningar på introduksjonsordninga. Disse deltek i introduksjonsordninga der formålet er å gjere dei sjølvstendige og sjølvforsynte i det norske samfunnet. I all hovudsak ved å kunne gjere dei kvalifiserte til den norske arbeidsmarknaden.

I 2019 vil vi ha følgande «samansetning» og inntektsnivå:

År 1	0 personar à 187 000 kr	0 kr
År 2	0 personar à 239 000 kr	0 kr
År 3	11 personar à 171 000 kr	1 881 000 kr
År 4	13 personar à 85 000 kr	1 111 500 kr
År 5	5 personar à 71 600 kr	358 000 kr
	29 personar	3 350 500 kr

Slik flyktningesituasjonen er pr i dag er det lite som tyde på at Sande kommune vil få spørsmål om å ta i mot nye flyktningar. Endringar som kan skje er gjennom

familiesameiningar. Om så skjer vil integreringstilskotet følge med dei som kjem. I planperioden planlegg ein ut frå dei som er busette pr i dag.

Renter, utbytte og fondsavkastning

Skjema 1a - Inntekter	B 2019	2020	2021	2022
Renter og avdrag	-14 191	-15 621	-17 000	-17 100
Utbytte aksjer mm	300	300	300	300
Formidlingslån	0	0	0	0
Gevinst (+) / Tap (-) avkastning fond	2 000	2 000	2 000	2 000

Sande kommune har om lag 220 mill i langsiktig renteberande gjeld. Rentesatsane vert fortsatt vurdert som lave, men signala om at renta skal auke er tydelige. Våre renter og avdrag i planperioden er berekna ut frå minsteavdrag og KB sin ansla på rentebane.

Utbytte frå aksjar er i all hovudsak relatert til kommunen sine eigarandel i Tussa AS.

Formidlingslån er relatert til Husbanken sin startlån som kommunen administrerer. Dette er mindre utlånsbeløp som vert gitt etter søknad og etter fastsette kriterier. Startlåna har dårlig prioritet og har dermed noko risiko.

Vi har eit fond på om lag 50 mill kr til aktiv forvaltning, der grunnkapitalen utgjer om lag 34 mill. Denne grunnkapitalen kjem frå vårt sal av kommunens aksjepost i Tussa Kraft AS. Med auka spenningar og proteksjonisme globalt er det svært vanskelig å sjå korleis det globale finansmarknaden vil utvikle. I planperioden er det likevel lagt til grunn ei avkastning på 4 % - altså 2 mill.

Avsetningar, avskrivningar og premieavvik

Skjema 1a - Inntekter	B 2019	2020	2021	2022
Avsetning (-) / Bruk av dispfond (+)	-160	-4 288	-4 288	-4 288
Bruk av tidligere års rekneskapsm overskot	0	0	0	0
Dekning av tidligere års rekneskapsm underskot	0	0	0	0
Avskrivningar	3 500	3 500	3 500	3 500
Premieavvik	4 538	5 497	3 565	4 041

Når ein legg brutto driftsresultat på om lag 1,75% så vert det i kr om lag 4,2 mill. Med unntak for 2019 er dette lagt inn som måltal for planperioden. For 2019 vert ikkje dette vurdert som eit realistisk måltal.

Med våre samla investeringar vert ein talstørrelse på 3500 i kalkulatoriske avskrivningar/ renter vurdert som reelle gjennom planperioden.

Premieavviket er oppsett med tal frå KLP og med fråtrekk av det amortiserte premieavviket gjennom planperioden.

Oppvekst og kultur

Framlegg til sektorramme for planperioden.

Skjema 1 b - Rammer fordelt	B 2019	2020	2021	2022
Sektor for Oppvekst og Kultur	55 000	55 000	55 000	55 000

Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019

Skjema 1b – Rammer fordelt på ansvar	B 2019
PPT	1 400
Grunnskule felles	1 900
Barnehage felles	500
Gjerdsvika oppvekstsenter	3 600
Haugelia barnehage	3 700
Gursken oppvekstsenter	14 000
Larsnes oppvekstsenter	10 100
Sandsøy oppvekstsenter	4 600
Kvamsøy oppvekstsenter	5 200
Hauemarkja barnehage	7 200
Kultur	500
Kulturskule	1 200
Bibliotek	1 100
Fordelt totalt	55 000

Ramme:

I 2018 har OPK-sektoren ei ramme på **kr 58.000.000,- (framlegg revidert budsjett)** til å drifte grunnskular, SFO, barnehagar, kulturskule, vaksenopplæring, PPT, kultur og bibliotek. Alle tenesteområda er primært heimla i lover og forskrifter, og sekundært underlagde den politiske styringa i Sande.

Grunnskule, barnehage og PPT har sterkt lovverk og er detaljstyrte av forskrifter om alt frå kompetanse og bemanning til volum på tenestene.

Dei andre tenesteområda har svakare lovverk, og er i større grad underlagt den politiske og økonomiske røyndomen i Sande.

Ei framføring av drifta vil i 2019 koste **kr 59.600.000,-** om ein legg statsbudsjettet sitt anslag på løns- og prisvekst til grunn (deflator på 2,8%).

Team for funksjonshemma er frå 01.07.18 lagt ned og tenestene er overført til Bu og habilitering (PLO). I 2018 var det budsjettert eit nettobeløp på kr 2.200.000,- til dette på OPK-sektoren (Larsnes oppvekstsenter). Dette beløpet kan såleis trekkjast frå på ramma til OPK. Samtidig har OPK-sektoren fått følgjande påslag på drifta etter politiske vedtak/administrative pålegg:

Utviding av Haugelia barnehage: Årleg meirutgift kr 1.500.000,-

Auka timetal til vaksenopplæring: Årleg meirutgift kr 500.000,-

Desse to beløpa vert såleis å plusse på sektoren sine utgifter.

Nettoramme for framføring av drifta på OPK-sektoren vert etter dette følgjande reknestykke:

Framføring av 2018	kr 59.600.000,-
- team for funksjonshemma	<u>kr 2.200.000,-</u>
	kr 57.400.000,-
+ Auke i Haugelia	kr 1.500.000,-
+ Auke i vaksenopplæringa	<u>kr 500.000,-</u>
Reell kostnad med å framføre 2018-drifta	<u>kr 59.400.000,-</u>

Rådmannen har tildelt sektoren ei budsjettamme på kr. **55.000.000,-**, utifrå vurderingar av inntektssida i budsjettet (i tråd med statsbudsjettet) og Sande kommune si fordeling av «kaka» på ulike tenesteområde.

Dette inneber for OPK-sektoren eit reelt **kutt** i tenestene på **kr 4.400.000,-**.

Behov:

I det offentlege er «*tenestebehovet og ambisjonen uavgrensa, men økonomien avgrensa*».

OPK-sektoren er underlagt strenge føringar i lov og forskrifts form når det gjeld kvalitet, rettar, tenestevolum, tariff, pedagognormer, bemanningsnormer osv. Samtidig opplever ein at fødselstala minkar slik at talet born i skule/barnehage går ned. Det er eit mål for sektoren å yte gode tenester til alle, uansett kvar i Sande ein bur. Sande har ein desentralisert skule- og barnehagestruktur, med skule og barnehage i alle krinsar/bygder.

Diverre er det slik at barnetal og kostnadsnivå ikkje er proporsjonale storleikar. Når barnetalet minkar lineært, minkar kostnadsnivået i trappetrinn – fordi ein elev i fråfall ikkje verkar inn på timetalet/klasse-talet ein må dekkje. Så lenge ein opprettheld skule-/barnehagestrukturen i kommunen vil ein ikkje kunne ta ut mindrekostnaden ved redusert barnetal i fullt monn.

Det er likevel slik at trenden viser nedgang i driftskostnader år for år.

Oppsettet viser reell innsparing/nedgang i kostnader i perioden 2013-18 på oppvekstsektoren:

	Budsjett	Pris- /lønsauke	
2013	53.412.000		
2014	54.989.000	2.254.549	
2015	56.196.843	618.165	(team oppretta)
2016	55.029.000	1.220.638	
2017	55.900.000	1.453.400	
<u>2018</u>	<u>57.743.000</u>	<u>1.616.804</u>	
Sum løns-/prisauke		7.163.556	
Auke i budsjett		<u>4.331.000</u>	
Innsparing utenom team		2.832.556	
Team		<u>2.200.000</u>	
Reell innsparing		5.032.000	

Dette beløpet svarar til 167 rammetimar, eller 6-7 lærarstillingar (om ein tenkjer seg reduksjonen innanfor grunnskule). Beløpet svarar til ein reduksjon i budsjettet på 9,4%.

Elevtalet er i same periode redusert med 14,6%.

Omstilling:

Behovet for omstilling i tenestene i Sande har vore påpeikt over lang tid, basert på at ein ikkje har økonomi eller befolkningsgrunnlag til å organisere tenestene slik det har vore gjort over lengre tid. Særleg gjeld dette OPK-sektor, der fødselstala/elevgrunnlaget har endra seg negativt over lang tid.

Ein har redusert rammetimetalet/talet på tilsette i skulen i takt med barnetalsnedgangen så langt det er mogeleg og forsvarleg, men utan å gjere strukturelle grep. Ved hjelp av «ostehøvel» har ein halde budsjetta, noko som gjer det stadig vanskelegare å yte gode tenester. Eit kutt i den storleik det no er snakk om (4,4 mill. kroner, eller 7,4%) vil få store følgjer for tenestene. Budsjettframlegget på sektoren er basert på kommunestyret sitt vedtak om skulestruktur 31.10.18, der ein flytter 5. klasse frå Gjerdsvika til Gursken, og opprettheld Sandsøy skule som lokalitet for undervisning, men slær administrativt saman med Kvamsøy. Det ligg til grunn at ein kan samorganisere leinga på Sandsøy/Kvamsøy frå og med januar 2019. Innsparinga knytt til denne strukturendringa er ikkje stor nok til å ta ned budsjettet nok. Det er difor laga ei omfattande kuttliste i tillegg.

Tilsette:

Eit kutt på 4,4 millionar kroner tilsvarar eit kutt på 6-8 heile stillingar. Og sjølv om ein også kuttar i anna enn stillingar, er redusert stillingsvolum ein føresetnad for å få budsjettet i balanse. Med redusert stillingsvolum vil presset på dei som er att auke.

Omdømme:

For kommunen sitt omdømme er det viktig å gje gode, forutsigbare tenester, og ha orden på økonomien. Det er viktig at ein kan kommunisere kvalitet og dei positive sidene ved drifta og tenestetilbodet. Det er likevel slik at ei budsjettutgreiing ber preg av realisme knytt til prosessar som gjer det vanskelegare å oppretthalde tenestene.

Oppsummering av tiltak:

Id.nr	Kort tiltaksomtale	Red. nettokostn. 2019	Ref i dok.
OK 1	Endring i skulestruktur - jfr. vedtak i kommunestyret 31.10.18	1 300	Tiltak 1
OK 2	Kutt i rammetimetale/ assistentstillinger i skule – justering frå haust -19	700	Tiltak 2
OK 3	Red. i materiell - skulane	420	Tiltak 3
OK 4	Justering inntekt, skyss, kjøp av tenester - gr.skule felles	400	Tiltak 4
OK 5	Fjerne tilskot til lag/org	120	Tiltak 5
OK 6	Avgrensingar i vikarbruk i skule, SFO og barnehage	500	Tiltak 6
OK 7	Personaljustering i barnehage på ca. 3%	600	Tiltak 7
OK 8	Red. aktivitet på kultur	100	Tiltak 8
OK 9	Kutt i timar til vaksenopplæring	130	Tiltak 9
OK 10	Red. i kulturskule	130	Tiltak10

	Sum innsparing	4 400	

Innsparingane når målet for kutt i 2019. Tiltaka gjer rammene trangare, og gjer det vanskelegare å oppfylle lov/forskrift og halde tenestenivået oppe.

Vurdering av dei ulike tiltaka:

Tiltak 1 – Endring av skulestruktur:

Tiltaket er vedteke i kommunestyret 31.10.18, der 5. klasse i Gjerdsвика vert overflytta til Gursken, og Sandsøy/Kvamsøy vert ei eining med ein leiar frå 1.8.19. Ein tek utgangspunkt i at ein leiar styrer dei to skulelokasjonane frå 1.1.19. Tiltaket vil ikkje påverke tenestetilbodet i stor grad. Innsparinga er ikkje stor nok til å skåne andre område av drifta for kutt. Tiltaket ligg innanfor lov og forskrifter.

Tiltak 2 – Kutt i rammetimetall/ assistentstillingar i skule – justering frå haust -19:

Tiltaket omfattar kutt i assistentstillingar og rammetimar i skulen, og utgjer 1- 2 årsverk alt etter kva tid på året ein får gjennomført kutt. Kuttet skal fordelast utover slik at det får minst mogeleg skadeverknader for tenestene. Kuttet vil likevel medføre utfordringar som må vurderast opp mot lovverket og elevens rett: tilpassa opplæring, bemanningsnorm, spesialundervisning, særskilt norskundervisning, kvalitetskrav. Det vert utfordrande gjennomføre dette kuttet, og auke presset på dei tilsette.

Tiltak 3 - Red. i materiell – skulane:

Kuttet er fordelt slik at skulane får redusert ramme i forhold til storleik/elevtal. Vil gje trongare rammer for innkjøp og aktivitet. Kan ikkje haldast nede over fleire år.

Tiltak 4 - Justering inntekt, skyss, kjøp av tenester - gr.skule felles:

Statsbudsjettet signaliserer auka satsing på tidleg innsats (meir tilskot). Budsjettet til kjøp av tenester (symjing, spes. i andre kommunar etc.) er meir sårbar, og kan sprekke. Kan komme i konflikt med lovpålagde krav.

Tiltak 5 – Kulturmidlar – kutte tilskot til lag og organisasjonar

Tiltaket rammar organisasjonar for born og unge, men er ikkje i strid med lovverket.

Tiltak 6 – Avgrensingar i vikarbruk i skule, SFO og barnehage:

Tiltaket vil gjere at ein må vere meir restriktiv med bruken av vikarar, kutte i kursaktivitet m.m. Tiltaket føreset at ein styrkjer arbeidsmiljøet og at ein i større grad improviserer ved fråver. Tiltaket gjeld fråver som ikkje er dekt opp av sjukepengar, fødselspengar eller tilskot av anna art. Tiltaket kan gå utover lovfesta rett for born/elev har (spesialundervisning m.m.). Ein vil legge stor vekt på å skjerme desse rettane.

Tiltak 7 - Personaljustering i barnehage på ca. 3%:

Ei innstramming i personalbruken på 3% stiller barnehagestyrarane overfor ei tøff oppgåve, der dei må vere kreative for å utnytte personalressursen maksimalt. Etter innføring av utvida pedagognorm og ny bemanningsnorm, er det lite slingsmonn i forhold til bemanning. Kan komme i konflikt med norma og med kravet til forsvarleg bemanning. Vil medføre større

press på dei tilsette. Kan eventuelt medføre at ein må vurdere kortare opningstid. Dette er ikkje i strid med lova, men gjev eit dårlegare/mindre fleksibelt tilbod til brukarane.

Tiltak 8 – Redusert aktivitet på kultur:

Ein kan late vere å utføre oppgåver knytt til kultursektoren – skilting, UKM, kulturminne, spaserstokk m.m. utan å komme i konflikt med lovverket, som er rel. svakt på området. Men kutta vil gå utover eit frå før nedprioritert område i Sande.

Tiltak 9 – Redusert rammetimetal vaksenopplæring:

Tiltaket kan gjere det vanskeleg å gje det føreskrivne tal timar til norskopplæring for flyktningar. Dette er kommunen forplikta på gjennom dei tilskot som kommunen får frå staten. Det vert også vanskelegare å gje eit fleksibelt og godt tilbod til framandspråklege utan rett og plikt til norskopplæring.

Tiltak 10 – Reduksjon i kulturskule:

Justeringar i bemanning som følgje av at rektor har søkt permisjon, samt evt. reduksjon i elevtal må til for å gjennomføre dette kuttet.

Vurderingar:

Kuttlista er krevande å forholde seg til, og gjennomføre. Gjennomføringa stiller krav til at ein heile tida vurderer om drifta er lovleg/forsvarleg. Kutta vil gjere det vanskelegare å yte gode tenester, og legge større press på dei tilsette.

Helse og omsorg

Framlegg til sektorramme for planperioden.

Skjema 1 b - Rammer fordelt	B 2019	2020	2021	2022
Sektor for Helse og Omsorg	75 000	75 000	75 000	75 000

Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019

Skjema 1b – Rammer fordelt på ansvar	B 2019
4120: Helsestasjon	1 450
4122: Legekontor	6 900
4125: Fysioterapi	900
3210: Plo-heimeteneste	24 250
3211: Plo-sjukeheim	23 000
3230: Bu- og habilitering	12 000
3271: TK-kjøkken	2 950
3272: TK-reinhald	1 500
3273: TK-forvaltning	2 050
Fordelt totalt	75 000

Ramme, behov og omstilling

Som kommunestyret er kjent med så vart det sett ned ei gruppe for gjennomgang av sektoren. Rapporten frå gruppa peika mellom anna på ny organisering, endring av måte å arbeide på, meir tydelege og gode prosessar knytt til vedtak, førebyggjande arbeid gjennom m.a. dagtilbod.

Rapporten er lite konkret på det som vil gje økonomiske innsparingar. Rapporten var vidare grunnlag for ei sak- og eit kommunestyrevedtak (Strategi 1) som har vore rettesnor for arbeidet. Saka peika m.a. på kompleksiteten i sektoren, og at det er eit langsiktig arbeid å endre sektoren.

Arbeidet i sektoren med dei nye tiltaka, pasientlogistikk, strengare forvaltning av plassar til sjukeheim og omsorgsbustadar, betre samarbeid og forenkling av oppgåver som er felles i sektoren - har gitt endringar i -18 og på nokre områder innsparingar - som igjen har gjort at vi har kunne løyst nye oppgåver utan nye midlar, og ei mindre innsparing i høve budsjett om året i år går som vi trur.

Systematisk arbeid med prioriterte områder som velferdsteknologi/digitalisering, arbeidsmiljø, mat, pårørandesamarbeid, kultur og aktivitet har og gitt betre kvalitet.

Vi har satsa mykje på kompetanse, vidareutdanning, grunnutdanning, lærlingar og kurs i 2018 og inn i 2019. Vi har slik eg ser det ei svært dyktig personalgruppe med aukande kompetanse, noko som er viktig der tidlegare utskrivingar frå sjukehus og meir komplekse oppgåver skal løysast i kommunane. Dei tilsette gjer døgnet dreiar ein svært god jobb, og kvaliteten på arbeidet aukar.

Økonomistyringa har vore god dei siste to åra trass i at verktøya vi har til dette kunne vore betre. Vi gjekk såleis i pluss i -17 og har arbeidd mot ein reduksjon av opphavelge budsjett for -18 trass i nye oppgåver.

Budsjettamma for 2019 krev vidare omstilling og reduksjonar. Dei sentrale endringane i 2019 budsjettet vil vere:

- | | |
|--|-------------|
| • Auke i budsjettet på | kr 1,0 mill |
| • Løns og prisvekst | kr 2,0 mill |
| • Auke overf. av oppgåver frå Larsnes skule (halve teke i -18) | kr 1.7 mill |
| • Reduserte inntekter, bortfall statstilskot | kr 0,5mill |

Dette gjev eit behov for tiltak på 3,2 mill og føresetnaden er at vi held ramma i -18.

Vi har kome med konkrete framlegg, som vil gje inndeckning på dette beløpet. Ein del av tiltaka er usikre med omsyn til effekt og kva tid effekten vil slå inn. Samla sett er dette særskilt utfordrande.

Samla sett vil reduksjonane kome i størst grad i eldreomsorga. Omfang og kvalitet på tenestene kan naturleg nok verte reduserte då om lag alt av innsparing vil måtte skje gjennom mindre bruk av personell.

Pleie- og omsorgseininga.

I tråd med kommunestyrevedtaket er den nye eininga, der sjukeheim og heimetenesta er slege saman med namnet «pleie- og omsorg», oppe å gå frå 01.01.19. Eininga vil i hovudsak gje tilbod til eldre.

Eldregruppa vil dei komande åra ikkje vekse i tal, men dei eldre verte eldre, meir komplekse sjukdomar der vi ser vekst i m.a. demens og kols - og nye oppgåver er lagt til kommunane m.a. knytt til psykiatrien.

Det har vore satsa mykje på kompetanseheving noko som er viktig for å møte utfordringane. Dei tilsette gjev uttrykk for sterkt arbeidspress i deler av sektoren, og vi har som resten av kommunen eit høgt sjukefråvær. Vi har satsa på eit eige prosjekt for å redusere sjukefråværet, NED, og samarbeider godt med tillitsvalde og verneombod.

Tiltaka:

- HO 1: Stenge 4-5 senger på Tingstova, red på 1,2mill
- HO 3: Redusere bemanning på helg, red på 0,3 mill
- HO 4: Redusere vikarbruk, red på 0,2 mill
- HO 5: Ikkje fornye senioravtalar, red 0,1mill
- HO 6: Effekt av ny organisering, red. tilbod til heimbuande, red 0,3 mill.

Bu- og habilitering:

Bu- og habilitering er ei tenesteytande eining som gjev tenester til funksjonshemma, dei med psykiske lidingar og rusproblematikk. I all hovudsak er tenestemottakarane der under 67 år.

Veksten dei siste åra har kome i hovudsak på barn og ungdom, noko vi og ser i 2019 så vert det ei auke i ressursbruk knytt til dette. Det er og alltid ei viss usikkerheit i korleis inntektene kjem ut, så nettokostnaden må stipulerast så godt som råd er. Vi har teke høgde for kjente brukarar i 2019. Det har vore ei utfordring at det har gått eit nytt år utan at vi har fått på plass bustadane på Elvebakken.

Tiltak:

- HO2: Redusert bemanning på Øya, red på 0,3mill
- HO4: Redusert vikarbruk, red på 0,1 mill
- HO5: Ikkje fornye senioravtalar, red på 0,1 mill

HO7: Elvebakken, red på kr 0,3mill

Tenestekoordinering:

Denne eininga er ny og i tråd med intensjonen i arbeidsgruppa og det påfølgande vedtaket i kommunestyret om korleis sektoren skal organiserast. Tenestekoordineringseininga vert viktig framover for at vi får gjort gode tenestevedtak. Ei innstramming av tenestene særleg inn mot eldregruppa må skje gjennom gode prosessar knytt til vedtak, som igjen vil gje større produktivitet

Ei lita auke på kjøkken p.a.g kravet om matmerking frå mattilsynet, dette gjer at vi må få på plass ein del nytt utstyr, opplæring og ei lita auke i bemanning.

Forvaltningsdelen er sett til 2,8 årsverk. Desse vil då syte for vedtak, vere koordinerande eining, arbeide med rutiner og ha ansvar for IT/digitaliseringa. I tillegg ansvar for kjøkken og reinhald.

Reinhald har vi gått gjennom å fått laga reinhaldsplan med ekstern hjelp. Med 2,5 årsverk er bemanninga på eit minimum. Dette er no eit eige ansvar.

Tiltak: HO8: Ny organisering, betre oppfølging av vedtak red på 0,3 mill.

Helseavdelinga:

Vi har ei lav bemanning i helseavdelinga både på lege, helsestasjon, jordmor og fysioterapi. Det vet gjort ein flott jobb av dei tilsette, og god stabilitet er eit nøkkelord. For 2019 budsjettet har vi gjennom samarbeid med pleie- og omsorg fått til ei styrking av fysioterapi, særleg knytt til arbeidet med ei korttidsavdeling som etterkvart no er oppe å går, og ei mindre styrking av helsestasjonen. Vidare arbeider vi for at ein ny fastlege er på plass 01.03.19

Tiltak: Ingen

Oppsummering av tiltak:

Id.nr	Kort tiltaksomtale	Red. nettokostn. 2019	Ref i dok.
HO 1	Stenge 4-5 senger på Tingstova i 2019	1 200	Tiltak 1
HO 2	Reduksjon av personell på Øya	300	Tiltak 2
HO 3	Reduksjon av bemanninga på helg	300	Tiltak 3
HO 4	Redusert vikarbruk	300	Tiltak 4
HO 5	Andel av ikkje fornyingar av senioravtale	200	Tiltak 5
HO 6	Reduksjon som effekt av ny organisering, Reduksjon i tilbodet til heimebuande	300	Tiltak 6
HO 7	Elvebakken	300	Tiltak 7
HO 8	Ny organisering, betre oppfølging v vedtak	300	Tiltak 8
	Sum innsparing	3 200	

Politisk og administrasjon

Framlegg til sektorramme for planperioden.

Skjema 1 b - Rammer fordelt	B 2019	2020	2021	2022
Sektor for Politisk styring og Administrasjon	20 300	20 300	20 300	20 300

Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019

Skjema 1b – Rammer fordelt på ansvar	B 2019
1110-1160: Politisk ansvar inkl råd, kontrollutval, mm	2 750
1310: Rådmannskontor	6 200
1312-1313: Økonomi- og adm inkl flyktningetenesta	7 200
1330: IKT	3 800
2220: Revisjon	350
Fordelt totalt	23 300

Ramme, tenestekomtale, mm:

Rådmannen har tildelt tenestekområde politisk og administrasjon ei ramme på til saman 20,3 mill kr i 2019. Året inneber kommunevalet 2019, samt tilsetting av ny rådmann, elles so er drifta og oppgåvene like som i 2018. Ved å berekne behov for midlar inkl. løns- og prisvekstanslag so vil innsparingsbehovet for å klare å halde tildelt budsjettamme vere på 600.000 kr. Dette medføre reduksjon og omstilling i eksisterande drift.

Politisk og administrasjon består av to områder (område 11 og 13) fordelt på fleire underliggjande ansvar, som vist i modellen under:

Område	Ansvarsnivå
11 - Folkevalde	1110 Politisk organ
	1111 Støtte til pol.parti
	1112 Val
	1113 Eldreråd
	1114 Ungdomsråd
	1115 Råd for funksjonshemma
	1141 Kontrollutvalg
13 - Sentraladministrasjon	1310 Rådmannskontor
	1312 Økonomi
	1313 Administrasjon
	1330 IKT
	2220 Revisjon

Område 11

Folkevalde vil i 2019 ha ei auke på ansvar 1112 Val – grunna at vi som kjent går inn i året for nytt kommunestyre og fylkestingval. Vi har her lagt til grunn rekneskap for 2015 val-året og lagt på eit

anslag for prisvekst og andre korrigeringar for utgiftsauke dei siste fire år. Samla budsjett for alle dei folkevalde ansvara vert for 2019 kr. 2.750.000,-

Område 13

Rådmannskontoret har for 2019 budsjettert med forventa kostnader til ny rådmann, difor vert totalsum på dette ansvaret kr. 6.200.000,- i budsjettet.

I 2016 slo kommunen saman kommunekassa og servicekontoret til nye økonomi- og administrasjonsavdelinga. Heile denne avdelinga har støttefunksjonar inn mot dei andre tenesteområda i organisasjonen. Desse støttefunksjonane dekkjer sentrale områder som personal, løn, rekneskap, fakturering, diverse opplæring i bruken av administrative system, mm. Økonomi- og administrasjonsavdelinga har i budsjettet for 2019 fordelt totalt kr. 7.200.000,- Dette ansvaret innehar også drifta til flyktningkontoret, der vi har lagt til grunn berekningar for antal flyktningar i introduksjonsordning.

IKT er også ein del av økonomi- og administrasjonsavdelinga, men vi har her vald å sortere IKT-ansvaret ut for seg sjølv i budsjettet, sidan dette ansvaret dekkjer enkelte fellesutgifter knytt til datateknologi, telefoni, lisensar etc. IKT er også eit ansvar som i aller høgaste grad er eit direkte resultat av innovasjon og digital utvikling, noko som vi alle veit har auka enormt dei siste åra. Difor er det greitt å kunne følgje med på kva kostnader all digitaliseringa fører med seg, målt opp mot effektivitetsgevinstar og andre målbare indikatorar på andre sida av rekneskapet. Budsjettet for 2019 samla på IKT er sett til kr. 3.800.000,-

Oppsummering av tiltak:

Id.nr	Kort tiltaksomtale	Red. nettokostn. 2019	Ref i dok.
PA 1	Frankering/frankeringsmaskin	50	Tiltak 1
PA 2	Vakant stilling	250	Tiltak 2
PA 3	Digitalisering mm	180	Tiltak 3
PA 4	Ikkje fornying av senioravtalar	120	Tiltak 4
	Sum innsparing	600	

Vurdering av dei ulike tiltaka:

PA 1 – Frankering/frankeringsmaskin. 50.000 kr:

Dette tiltaket går i all hovudsak ut på å avskaffe frankeringsmaskina og spare inn vedlikehald og oppdatering på denne. Nedgangen i postmengde på papir gjer sitt til at frankeringsmaskina sin funksjon vert mindre gjeldande. Porto bestillast i fleire gunstige løysingar på nett, og det er ei slik løysing vi no vil gå over på frå 1.1.2019. Andre administrative tilpassingar vil fylgje med denne omlegginga og vil såleis ha ein effektivitetsgevinst. Brukarane vil ikkje merke noko endring etter omlegginga, for informasjonsflyten i form av brev anten digitalt eller nettbasert vil framleis kome fram til mottakar. I sakshandsamingssystemet vårt nyttar vi SvarUT, ei løysing som gir innbyggjarane kommunale brev på Digipost eller liknande digitale postmottakssystem. Eksempel på prisforskjell digitalt vs. manuelt: Viss ein innbyggjar *ikkje* går inn i t.d. Digipost og les brevet

sitt innan ei frist, so vert brevet maskinelt skreve ut og sendt ut i papir sentralt. Til samanlikning so kostar eit brev sendt på denne digitale fellesløysinga oss 7 kr. pr. brev, medan vi må betale det dobbelte (14. kr pr. brev, berre i porto) for å gjere dette manuelt sjølve. Den digitale portoinnsparinga vil vi her anslå til ei samla innsparing på 50.000 kr i 2019.

PA 2 – Vakant stilling 50 % i 6 mnd:

Vi held delar av ei stilling vakant i ca eit ½ år, med ei innsparing på 250.000 kr.

PA 3 – Digitalisering, samt innsparing på lisenser og avgifter på datateknologi:

I 2019 legg vi om sak/arkiv-systemet vårt, samtidig som vi går over til digitale løysingar på fleire andre områder. Dette kan være t.d. innsparing ved mindre bruk av papir, permar og anna kontormateriell, nedgang i lisensar, gebyr m.m., samt gevinstar ved å bytte ut kostbare løysingar med nye innovative alternativ. Jo meir digitale vi blir jo meir sparar vi inn på alle «småpostane». Ved at SSIKT tok over all drift av IKT-tenestene i kommunane på Søre Sunnmøre bereknar vi også ein del mindre lisensutgifter. Vi har eit mål om å oppnå ei innsparing på 180.000 kr på dette tiltaket i 2019.

PA 4 – Ikkje fornying av senioravtalar:

Ved å ikkje fornye senioravtalar kan det gi ein reduksjon på 120.000 kr.

Teknisk og Landbruk

Framlegg til sektorramme for planperioden.

Skjema 1 b - Rammer fordelt	B 2019	2020	2021	2022
Sektor for Teknisk og Landbruk	9 200	9 200	9 200	9 200

Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019

Skjema 1b – Rammer fordelt på ansvar	B 2019
5110: Landbruk kontor	888
5111: Skogbruk	22
5112: Veterinær	80
5141: Fallvilt	11
5141: Hjorteviltutvalet	5
5143: Fiske, Jakt	-40
6110: Kontor Teknisk	488
6111: Byggesak, oppmåling	918
6112: Festetomter	-18
6140: Vatn	0
6141: Avløp	0
6142: Slam	0
6150: Brannvern	1950
6151: Feiing	0
6160: Skulebygg	2275
6161: Barnehagebygg	329
6162: Adm.bygg	1253
6163: Utleigebygg	-67
6164: Sandetun	1968
6165: Omsorgsbustadar	-2060
6166: Andre bygg	66
6170: Vegar	859
6171: Veglys	458
6172: Hamner	-185
Fordelt totalt	9200

Ramme, omtale, mm

Teknisk Sektor hadde i budsjettet for 2017 avsett ei nettoramme på kr 9,621 mill kr. Drifta relaterer seg til arbeid knytt til forvaltning innan landbruk og tekniske tenester (herunder reg.plan og noko anna overordna planverk). Vidare er ein involvert i dei fleste investeringane til kommuna. Noko av ansvarsområda er lovpålagt som sjølvkostområde (vatn, avløp, slam og feiing).

Teknisk har gått gjennom ansvarsområda som ligg til sektoren og finn å kunne legge til grunn ei samla nettoramme på 9, 621 mill kr for 2019 med ei drift noko tilsvarande som i 2018. Sektoren har ein del inntekter der det vert foreslått noko prisauke.

Mykje av driftsmidlane går til drift av den kommunale infrastrukturen. Dette omfatter kommunale vegar , all kommunal bygningsmasse, kaier, kommunalt leidningsnett, gatelys mm. Drift av kommunalt brannvern ligg også under teknisk sektor.

Sande kommune har høg kommunal bygningsmasse (ca 30 000 kvm) og alle driftskostnader knytt til denne ligg under sektoren. Dette inneber eksempelvis at alle driftskostnader (vaktmeister, straum, forsikring, kommunale og interkommunale avgifter) for skulebygga er ei driftsutgift for sektoren.

Dei seinare åra har den kommunale infrastrukturen auka. Innan bygningsmasse gjeld dette overtaking av Hauemarkja barnehage, utviding Haugelia barnehage og utviding av Sandetun. Dersom ein skal få effekt med reduserte driftskostnader så må den kommunale infrastrukturen også reduserast.

Oppsummering av tiltak:

Id.nr	Kort tiltaksomtale	Red. nettokostn. 2019	Ref i dok.
TL 1	Enøk Sandetun	100	Tiltak 1
TL 2	Ikkje fornying av senioravtalar	25	Tiltak 2
TL 3	Utsette kantslått	100	Tiltak 3
TL 4	Reduksjon av kommunale vegar og gatelys	50	Tiltak 4
TL 5	Vakant stilling	60	Tiltak 5
TL 6	Redusert vedlikehald skulebygg	50	Tiltak 6
TL 7	Prosjekt innmåling avløp	75	Tiltak 3
	Sum innsparing	460	

Vurdering av dei ulike tiltaka:

Tiltak 1 : Enøk Sandetun:

Teknisk har arbeidd ei tid med ny løysing her. Forutsetter oppsett investering i inv.budjett. Tiltaket inneberer investering i nytt system for varmepumper i den eldste delen av Sandetun. 100 000 kr

Tiltak 2. Ikkje fornying av senioravtale:

Teknisk sektor har dei seinare åra hatt 2-3 arbeidstakarar som har benytta seg av denne ordninga. Ein legg no opp til at denne ordninga ikkje vert fornye når eksisterande avtaler går ut. Effekt for teknisk vil være ca kr 25 000,- i 2019.

Tiltak 3. Utsette kantslått:

Tiltaket inneber at det ikkje vert gjennomført kantslått i 2019. Tiltaket bør ikkje gjennomførast utover 1 år. Kr 100 000,-

Tiltak 4. Reduksjon av kommunale vegar og gatelys:

Tiltaket inneber å gjennomføre reduksjon av kommunale vegar og gatelys. Sak framlagt i kommunestyret i 2016 vert då å fremme på nytt. Det lenge sidan at det var ein gjennomgang her og det er på tide med ny gjennomgang. Kr 50 000,-

Tiltak 5. Vakanse i stillingar innan Landbruk:

Tiltaket inneber 2 månad med vakanse i 0,5 stilling innan Landbruk. Landbruk forvalter eksternt ca 6 mill i ulike tilskotsordningar (prod.tilkot. Rmt og Smil). Kan gjennomførast som eit eingongstiltak tidleg i 2019. Kr 60 000,-

Tiltak 6. Redusert vedlikehald skulebygg:

Tiltaket inneber ein ytterlegare reduksjon av kostnader knytt til vedlikehaldet her. Tiltaket har også noko samanheng med investering i ENØK tiltaket innan skulebygningane. Kr 50 000,-

Tiltak 7 Prosjekt i 2019 med innmåling av avløp:

Tiltaket inneber at noko lønnsmasse innanfor oppmåling vert ført på avløp. Tiltaket kan innebere redusert kapasitet innan oppmåling til andre arbeidsoppgåver kr 75 000,-

NAV / Barnevern

Framlegg til sektorramme for planperioden.

Skjema 1 b - Rammer fordelt	B 2019	2020	2021	2022
NAV og Barnevern	6 000	6 000	6 000	6 000

Framlegg til fordeling pr ansvar for 2019

Skjema 1b – Rammer fordelt på ansvar	B 2019
4420: Sosialhjelp/omsorg	2760
4440: Barnevern	3240

Omtale, behov, mm:

NAV/barnevern er i Sande kommune ei lita eining, vi har 1 kommunal stilling i NAV og 2,4 stillingar i barnevern. NAV/barnevern har i mange år vore ei eining som etter KOSTRA tall har vore dreve billigare enn samanlignbare kommuner. Men trenden i regionen innanfor desse felte har vore at det er fleire som har behov for våre tenester. I 2017 har vi også i Sande kommune fått merke desse endringane. Vi aukar i utbetalingar til sosialstønad, og vi har i 2017/2018 hatt meir kostnadskrevande tiltak i barnevernet. Dessverre ser det ut for at utviklinga vi har sett i 2017 og no i 2018, vil fortsette.

NAV og barnevern har 3 områder som bærer største delen av budsjettet; Lønn, sosialstønad og tiltak i barnevernet. For å få/halde kontroll med dei to siste er det behov for tilsette som kan arbeide for at dei tiltaka som må iverksettast er minst mogeleg kostnadskrevande, men samtidig slik at dei endrer behovet for bistand. I forhold til sosialstønad er tiltaket at vi må ha tilsette som kan bidra til at folk kjem seg i arbeid, og på den måten ikkje har behov for sosialstønad. Vi har no rapportar som fortel at tett oppfølging over tid, er det som må til for at personer som har sosialstønad som einaste inntekt, vil kunne klare å kome seg ut av sosialmottaker statusen. For å få til dette må ein ha nok tilsette. Tiltak i barnevernet er også påverka av tett og tidleg oppfølging. For at ein ikkje skal ende opp med kostnadskrevande tiltak (som omsorgsovertakelse, institusjonsopphold og liknande) har ein difor behov for ei bemanning som kan følgje opp dei tiltaka ein set i verk i ei tidleg fase.

NAV/barnevern står i 2019 foran eit banebrytande år då NAV Sande skal inn i eit interkommunalt samarbeid med Hareid og Ulstein (frå 01.01.19). I skrivande stund er det uklart korleis barnevernet vert organisert vidare – ulike prosessar går, og uansett val av alternativ medføre det endringer for vår barnevernteneste.

Tiltak – Ingen. Utviklinga i tenesta er slik at ein gjennom 2019 må søke å få omfordele ressursar slik at barneverntenesta kan verte styrka slik at tiltaksarbeidet kan vidareførast og om nødvending også aukast i takt med dei behova som vert rapport.

Kyrkja / Truomssamfunn

Framlegg til sektorramme for planperioden.

Skjema 1 b - Rammer fordelt	B 2019	2020	2021	2022
Kyrkje og truomssamfunn	2 600	2 600	2 600	2 600

Omtale

Kyrkjevergen har vore i møte og informert om kva behov kyrkja har for 2019. Behovet framgår i si heilheit i vedlegg C. Behova kan kort oppsummerast slik:

- Det er eit ynskje å utvide kapasiteten til trusopplæring frå 50% til 75%. Kostnaden til dette er vurdert til 50.000 kr. Bispedømme er med å delfinansierar stillinga, og kyrkja står i fare for å miste denne eksterne delfinansieringa om ikkje ein lokalt klare å stille med sin andel.
- Kyrkjebygga i Sande er prega av manglande vedlikehald. Kyrkja bed om ei løyving på 200 000 kr som skal setjast i bundne fond øyremarka til tårnet i Sande Kyrkje samt vedlikehald av Larsnes Kyrkje.

Rådmannen ser ikkje korleis ein skal kunne omfordele midlar frå andre sektorar for å styrke drifta og arbeidet i kyrkja i 2019. Den tildelte ramma på 2600 for 2019 er tvert i mot ein reduksjon på om lag 2,8% i forhold til 2018.

Ang finansiering så har Husbanken gunstige ordningar som kan nyttast i samband med rehabilitering av kyrkjebygg.

INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2019 OG PLANPERIODEN

Framlegget til investeringsprosjekt er synt i eige dokument som ligg vedlagt i vedlegg A. Framlegget til inv.budsjett er halde på eit nødvending nøkternt nivå, og tek utgangspunkt i at auke i lånegjeld er lik våre avdrag på eksisterande gjeld gjennom planperioden. Auken i lånegjeld innan VAR og Formidlingslån kjem i tillegg då dette er gjeld som beteneast innan for «sjølvkost-ordningar».

Skjema 2a og 2b

BUDSJETT 2019 ØKONOMIPLAN 2019-2022				
Skjema 2a - Behov Investeringar	B 2019	2020	2021	2022
Sjå vedlegg A for investeringsbehov	29 150	22 200	18 250	19 650
SUM BEHOV INVESTERING	29 150	22 200	18 250	19 650
Skjema 2 b - Finansiering av Investeringar				
Ubrukte lånemidler	1 500	0	0	0
Opptak av nye lån	14 450	9 000	5 050	6 450
Opptak av nye lån VAR	12 200	12 200	12 200	12 200
Opptak av nye lån Startlån	1 000	1 000	1 000	1 000
Tilskot	0	0	0	0
SUM FINANSIERING	29 150	22 200	18 250	19 650

BETALINGSREGULATIVET

Samla framlegg til betalingsregulativ ligg ved som vedlegg B.

Vedlegg

- A - Framlegg til investeringsprosjekt
- B - Framlegg til betalingsregulativ
- C – Informasjon frå Kyrkja
- D – Informasjon om seniorordninga

Uprenta vedlegg

- Rapport frå omstillingsgruppa for skule 2017
- Rapport frå omstillingsgruppa for pleie- og omsorg 2017
- K.sak 5/18 – Strategisk styring og utvikling av pleie- og omsorgssektoren.
- K.sak 21/18 – Endring av skulestruktur.
- K.sak 52/18 – Endring av skulestruktur.
- K.sak 38/18 – Interkommunalt samarbeid for NAV-tenesta og Barneverntenesta.

BUDSJETT 2019 ØKONOMIPLAN 2019-2022

Skjema 1a - Inntekter	REVIDERT BUDSJETT 2018	B 2019	2020	2021	2022
Skatt og inntekt på formue	67 700	68 239	68 239	68 239	68 239
Rammetilskot - inntektsutjamning	5 412	5 000	5 000	5 000	5 000
Rammetilskot inkl regionalt tilskot/skjønn	90 071	93 524	93 500	92 900	92 900
Andre generelle statstilskot	1 800	2 000	2 000	2 000	2 000
Integreringstilskot	5 279	3 350	1 900	900	0
Renter og avdrag	-12 656	-14 191	-15 621	-17 000	-17 100
Utbytte aksjer mm	308	300	300	300	300
Formidlingslån	-72	0	0	0	0
Gevinst (+) / Tap (-) avkastning fond	1 500	2 000	2 000	2 000	2 000
Avsetning (-) / Bruk av dispfond (+)	-1 022	-160	-4 288	-4 288	-4 288
Bruk av tidligere års rekneskapsm overskot	4 493	0	0	0	0
Dekning av tidligere års rekneskapsm underskot	-1 888	0	0	0	0
Avskrivningar	3 224	3 500	3 500	3 500	3 500
Premieavvik	6 390	4 538	5 497	3 565	4 041
Årets rekneskapsmessige resultat	-	0	0	0	0
SUM FRIE INNTEKTER TIL DISP.	170 539	168 100	162 028	157 117	156 593
Skjema 1 b - Rammer fordelt					
Sektor for Oppvekst og Kultur	58 000	55 000	55 000	55 000	55 000
Sektor for Helse og Omsorg	73 850	75 000	75 000	75 000	75 000
Sektor for Politisk styring og Administrasjon	20 700	20 300	20 300	20 300	20 300
Sektor for Teknisk og Landbruk	9 700	9 200	9 200	9 200	9 200
NAV og Barnevern	5 700	6 000	6 000	6 000	6 000
Kyrkje og trdomssamfunn	2 589	2 600	2 600	2 600	2 600
		168 100			
Omstillingsbehov i perioden		0	- 6 073	- 10 984	- 11 508
SUM NETTO BRUK I SEKTORANE	170 539	168 100	162 028	157 117	156 593

